

Referat

Møte i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, fredag 6.november 2015

Møte:	9-2015
Tid:	Fredag 6.november 2015, kl. 09.00 - 14.00
Stad:	Rådhuset Lindås kommune
Til stades:	<p><u>Heile møtet:</u> Johan Sandal(Radøy), Grethe Herøy(Fedje), Helga Ellingsen(Masfjorden), Ingebjørg Søreide(Gulen), Oddvin Neset(Modalen), Olav Mongstad(Austrheim), Leni Dale(Lindås), Helge Kvam(Meland) og Anne Hildegunn Færøy(NUI)</p> <p><u>Første del av møtet:</u> (adm.nemnd) Lindås kommune: Ørjan R. Forthun, rådmann Nordh.legevakt: Grethe Fosse, legevaktsjef og Erna Fosse, driftsleiar.</p>
Ikkje møtt:	Mette Fauskanger(Osterøy) og Solrun Hauglum(Vaksdal)
Møteleiar:	Johan Sandal
Referat:	Erna Fosse/Anne Hildegunn Færøy

Nr.	Sak	Ansv./tid
	Nordhordland legevakt - administrativ nemnd Referat frå denne delen av møtet er lagt ved i e-post	Alle
49/15	Innkalling, saksliste og referat frå møte 7-2015 - godkjent utan merknader	Alle
50/15	<p>Flyktningar i Nordhordland</p> <p>Rådmannsutvalet(RU) har i møte drøfta utfordringar kommunane står ovanfor når det gjeld mottak og busettning av flyktningar, og er einige om at kommunane må analysera, samarbeide og gjera meir i fellesskap om dette framover. RU har bedt kommunalsjefgruppa vurdere dette og utarbeide mandat for interkommunalt samarbeid for flyktningarbeid.</p> <p>Johan Sandal har utarbeidd og sendt ut utkast til eit mandat for interkommunalt nettverk for arbeid med flyktningar med forslag til områder for samordning av flyktningarbeidet.</p> <p>I møtet kom gruppa med innspel til utkastet og forslag til endringar. Vidare vil ein</p> <p>be gruppa for interkommunalt samarbeid med flyktningar sjølv utkast til mandat og komme tilbake til komm.sjef gruppa med forslag til mandat for ordninga.</p> <p>Det kan vere hensiktsmessig å sjå til siste politiske vedtak som kommunane har gjort når det gjeld busetting av flyktningar i den enkelte kommune. Dette kan gje ei oversikt for heile regionen og vere til hjelp i vidare planlegging.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Forslag til mandat blir korrigert etter innspel i møtet. Johan Sandal gjer</p>	Alle

	<p>nødvendige endringar i mandatet, utarbeidar eit følgjebrev til mandat og sender til medlemmene i kommunalsjefgruppa for gjennomlesing.</p> <p>Alle kommunar som skal delta i dette samarbeidet melder inn namn på representantar til Johan Sandal snarast. Meland kommune v/Helge Kvam tar ansvar for å kalla inn til første møte.</p>	Johan/ Helge
51/15	<p>Vidareføring av nettverk, samarbeid og utvikling av Lærings- og mestringstenester i NH</p> <p><u>Saka gjeld:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vidare deltaking i Nettverk for læring og meistring mellom helseføretaket og dei 23 kommunane i Helse Bergen føretaksområde. 2. Vidareføring av interkommunalt læring og meistringstilbod i Nordhordland <p>Kommunalsjefgruppa hadde i forkant av møtet fått tilsendt saksgrunnlag med tilråding om å setja av ressurs til vidare deltaking i nettverket og vidareføring av interkommunalt LM tilbod i regionen. Vidare var det i saka vist at det er naudsynt at alle kommunane har ein person koordinator kan samhandle med, for å etablere eit fast kurstilbod, at kvar kommune må stille med ein 5% stilling, og at dette må vera namngitte personar.</p> <p>Gruppa drøfta dette og kan ikkje tilrå at det vert sett av 5% ressurs i kvar kommune til dette arbeidet, men er samd i at det vert sett av ressursar til arbeidet og at det vert utpeika kontaktperson for kvar kommune.</p> <p>Kommunalsjefane melder namn på kontaktperson til Bente Bø Taule. (e-post: Bente.Bo.Taule@radøy.kommune.no)</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Kommunalsjefgruppa sluttar seg til at kommunane i Region Nordhordland samarbeider om vidareføring av deltaking i nettverk for læring og meistring mellom helseføretaket og dei 23 kommunane i Helse Bergen føretaksområde, samt vidareføring og utvikling av interkommunalt læring og meistringstilbod i Nordhordland, og at som eit felles prosjekt i 2016, der Radøy kommune står som ansvarleg for tiltaket og ivaretar arbeidsgjevaransvaret for koordinator.</p> <p>I utgangspunktet ber ein om at det vert søkt ekstern finansiering av tiltaket, men kommunane stiller garanti for kostnadene som er knytt til prosjektet dersom ein ikkje får tilslag på eventuelle søknader.</p>	Alle
52/15	<p>Kompetanseoverføring frå spesialisthelseteneste til kommune</p> <p>Sak på SU Handlingsplan/NH handlingsplan</p> <p>Saka utgår. Vart drøfta i sist møte.</p>	
53/15	<p>Kreftforeininga - tilskot til Kreftkoordinator i kommunane.</p> <p><u>Saka gjeld:</u></p> <p>Interkommunalt samarbeid om etablering av 3-årig prosjekt med felles kreftkoordinator, delvis finansiert av Kreftforeininga.</p> <p>Saksnotat med bakgrunn for saka var sendt ut i forkant av møtet. Anne Hildegunn Færøy orienterte om tiltaket og viste til at Rådmannsutvalet har drøfta saka og er positive til at det vert oppretta eit 3-årig prosjekt med ein kreftkoordinator i regionen, og at dette eventuelt kan løysast utan at alle kommunar er med. Rådmennene ber kommunalsjefsgruppa vurdera tiltaket og komma med ei tilråding.</p>	Alle

	<p><u>Vurdering i saka:</u></p> <p>Kommunalsjefgruppa er positiv til at det vert etablert eit 3-åring prosjekt der kommunane i Region Nordhordland samarbeider om å dekka kommunane sine kostnader med ein felles Kreftkoordinator, og støttar framlegg om at Lindås tar rolla som ansvarleg kommune for tiltaket, og utarbeider søknad om midlar på vegne av kommunane.</p> <p>I møtet blir det konkludert med at representantar frå kommunane;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fedje, Lindås, Meland, Modalen og Radøy er positiv til tiltaket og vil tilrå at desse kommunane samarbeider om prosjektet - Austrheim, Gulen og Masfjorden vil tilrå at deira kommune ikkje deltar i dette prosjektet. - Anne Hildegunn tar kontakt med Mette Fauskanger for å be om Osterøy si tilråding i saka. <p>Kreftforeininga etterspør snarleg avklaring om kommunane vil søkja på midlar til ein kreftkoordinator, og kva kommunar som skal samarbeida. Det må derfor gjerast snarlege vedtak i kommunane, og kvar av medlemmene i gruppa sikra forankring hos eigen rådmann etter kommunalsjefgruppa si tilråding.</p> <p>Vidare vert gruppa si tilråding også lagt fram for Rådmannsutvalet til orientering.</p> <p><u>Kommunalsjefsgruppa si tilråding i saka:</u></p> <p>Kommunalsjefane vurderer tiltaket som godt og støttar etablering av ei prosjektstilling, men utan at alle kommunane deltek.</p> <p>Kommunane Lindås, Radøy, Meland, Fedje og Modalen vil samarbeida om ein kreftkoordinator i eit 3-årig prosjekt.</p> <p>Kommunane Austrheim, Gulen, Masfjorden og Osterøy har meldt at dei ikkje ynskjer å vere med i denne ordninga.</p> <p>Det blir søkt om tilskot frå Kreftforeininga til å dekka 75% av kostnadene til stillinga, og resterande 25% blir fordelt etter gjeldande fordelingsnøkkel på samarbeidskommunane. (Vedlagt i saka)</p> <p>Kommunalsjefane tilrår at Rådmannsutvalet sluttar seg til prosjektet og at Lindås kommune står som søker og ansvarleg kommune for tiltaket.</p> <p>Det vert tilrådd at det vert sett saman ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe som utarbeider søknad til Kreftforeininga om prosjektmidlar, og utarbeiding av samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og samarbeidskommunane. Lindås kommune v/ Leni Dale tar ansvar for vidare oppfølging av saka.</p>	
54/15	<p>Utdanningsstillingar for legar i NH</p> <p>Rolf Martin Tande har som kommuneoverlege i Masfjorden kommune tatt initiativ til eit pilotprosjekt som har som mål å etablera utdanningsstillingar i allmennmedisin i Region Nordhordland. Utdanningsstillingane kan verta knytt til ein eller fleire kommunar med ei tilsetjingstid på 5 år, fastløn og med plan for obligatoriske kurs, rettleiing og praksis. Praksisen kan verta i ein eller fleire av kommunane.</p> <p>Rådmannsutvalet har fått orientering om tiltaket og drøfta saka. Dei har gjort slikt vedtak:</p> <p><i>Rådmannsutvalet er positiv til at det vert jobba vidare med prosjektet og at ein ser det i samanheng med innhald og kunnskapssenter i Helsehuset. Rådmannsutvalet ber om at det vert jobba fram eit breiare saksgrunnlag inkludert finansiering og at dette i fyrste omgang vert utarbeidd i samarbeid med kommunalsjefsgruppa helse og omsorg, og at det deretter vert handsama i rådmannsutvalet.</i></p>	

	<p>Olav Mongstad orienterte om notat sendt ut til gruppa med Austrheim kommune sitt vedtak i saka. Han vurderer dette som ein god mulighet til å rekruttera legar til kommunane. Austrheim har bestemt seg for å vere med. Dei andre kommunane må også ta stilling til dette.</p>  <p>Utdanningsstillingar som vikar for legar i p</p> <p>Planen er at dette blir eit nasjonalt pilotprosjekt der kommunane i NH er piloten. Prosjektet får også politisk merksemd og blir m.a orientert om for Hordalandsbenken på Stortinget i nær framtid.</p> <p>Drøfting av vidare forankring i kommunane; Kommunalsjefgruppa er positiv og ser at dette kan vere eit godt tiltak for å rekruttera legar til regionen.</p> <p>Kvar av kommunane må ta stilling om dei skal vere med i denne piloten, og bør starte prosess for å vurdere om dei skal vere med i prosjektet eller ikkje.</p> <p>Kommunane kan avvente med å ta endeleg stilling til om dei går inn i denne piloten når det blir godkjent frå nasjonalt hald.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Kommunalsjefgruppa arbeider vidare med denne saka saman med Rolf Tande.</p>	
55/15	<p>Helsehusprosjektet – samhandling og tenesteutvikling</p> <p><u>Status og framdrift.</u></p> <p>Byggjeprosjektet går framover etter endra og vedtatt tidsplan. Det er gjennomført brukarprosess, der brukarane/leigetakarane i bygget har arbeidd saman med arkitekt og prosjektleiar i NUI for å få til best mulig løysingar når det gjeld samlokalisering i bygget, og for å legge best mulig til rette for samarbeid og samhandling.</p> <p>Arkitektane arbeider med ferdigstilling av skisseprosjektet, og skal presentere dei for styret, styringsgruppa og brukargruppa 30.november. Når skisseprosjektet er godkjent går prosjektet inn i forprosjektfasen. Denne skal vere ferdig Samarbeid mellom byggherre, byggeprosjektleiar og planavdelinga i Lindås er starta.</p> <p>Vidare gav Roar Hansen ei oppsummering og orienterte om arbeidet med samhandling og tenesteutvikling knytt til Helsehusprosjektet og forslag om å vidareføre arbeidet gjennom seks samsoner.</p> <p>Styringsgruppa for prosjektet har vedtatt at denne delen av Helsehusprosjektet er satt i på vent inntil vidare. Dels av omsyn til stor arbeidsmengde knytt til Byggdelen av prosjektet, dels etter ønskjer om endring i organisering/framdrift der følgjande ptk er presisert;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tidlegast oppstart etter nyttår • Oppgåver/utvikling skal løysast innan eksisterande rammer, budsjett og personelltilgang • Organisering av prosjektet med fordeling av ansvar og oppgåver er ikkje avklara <p><u>Konklusjon:</u> Kommunalsjefgruppa takkar for informasjonen og tar det til orientering.</p>	Alle
56/15	<p>Møteplan 2016</p> <p>Forslag til møteplan for 2016 vert lagt fram i neste møte.</p> <p>Møteplan skal ta utgangspunkt i;</p> <ul style="list-style-type: none"> - 4 møter pr. halvår, med varighet frå kl. 9 - 14 - Legevakt/adm.nemnd skal inn på anna kvart møte.. 	

	Grunna stort forfall til gruppa sitt møte 10.desember vert dette flytta. Johan tar ansvar for å finne alternativ dato.	
57/15	<p>PLO 2.0 Vestlandsloftet</p> <p>Helsedirektoratet har sendt ut høyringsdokument der kommunane blir bedt om å komme med uttale til standard for elektronisk kommunikasjon med pleie- og omsorgstenesta 2.0.</p> <p>Det er meldt at endringar i denne versjonen kan få til dels store konsekvensar for den elektroniske samhandlinga.</p> <p>Vestlandsloftet v/leiar Astrid Simonsen har utarbeidd ein utale til høyringsnotatet og har sendt dette til alle kommunane som kan leggast til grunn for kommunane si eiga høyringsuttale.</p>  <p>Høring PLO 2.0 fra Vestlandsloftet til kon</p>	
58/15	<p>IKT</p> <p>Status for felles elektronisk pasientjournal for pleie og omsorg.</p> <p>Prosjektet er tatt ut av budsjett og prosjektporlefølje for 2016, og dermed utsett.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Kommunalsjefgruppa tar dette til orientering.</p>	